

Sak til Områdeutvalg

Går til:	Medlemmene i Områdeutvalg for Nordhordland
Dato:	03. februar 2023
Saksinnmelder:	Kommuneoverlege i Alver, leiar i UFAB Nordhordland
Saken	Drøftingssak - Vurdering av mandat
gjeld:	
Saksnummer:	08/2023

Bakgrunn

Det kom hausten 2022 innspel frå leiar i UFAB Nordhordland, kommuneoverlege i Alver kommune Terese Folgerø, at Områdeutvalet bør vurdere å revidere UFAB sitt mandat. Områdeutvalet bad i møte den 11.11.2023 om ei sak til møtet i februar 2023.

Saka vert lagt fram til gjennomgang og drøfting av mandatet. Vedlagt mandat sist revidert mai 2017.

Vurdering

Det er fleire grunnar til å sjå på UFAB sit mandat:

1. Etter at mandatet for UFAB Nordhordland vart utforma, har det skjedd endringar i regionen. Radøy, Meland og Lindås har slått seg saman til Alver kommune, og Fedje kommune deltek ikkje i lenger i legevaktsamarbeidet, bortsett frå felles legevaktsentral. Ein ser også at Brann og redning er organisert som kommunesamarbeid på ein annan måte enn legevaktsordninga. Frå kommunane si side ser ein at det vil vere behov for å revidere den kommunale deltakinga. Har spesialisthelsetenesta tilsvarende behov for å gjere endringar i si deltaking?
2. Nytt Helsefellesskap gjev behov for redigeringsmessige endringar i mandatet slik at mandatet vert tilpassa den nye samhandlingsstrukturen og rapporteringslinjene.
3. Det bør drøftast om namnet på utvalet skal vere likt for alle UFAB i Helse bergen sitt føretaksområde. UFAB Nordhordland har eit anna namn enn dei andre UFAB i samarbeidsstrukturen. Medan Nordhordland ber namnet «Underutval for Akuttmedisinsk Beredskap», har dei andre namnet «Underutval for Akuttmedisin og Beredskap». Dette kan verke som flisespikkeri, men utvalet sitt fokusområde slik det er skissert i Tenesteavtale 11, og i mandatet, skal vere beredskap knytt til akuttmedisin. Når utvala bruker neminga «Underutval for Akuttmedisin og Beredskap» kan ein få inntrykk av at dette er eit utval som også skal ivareta den generelle beredskapen i samfunnet. Tittelen «Underutval for Akuttmedisinsk Beredskap», slik Tenesteavtale 11 skisserer, bør difor tydeleggjerast i alle UFAB i føretaksområdet.
4. Når ein reviderer mandatet bør ein også vurdere arbeidsoppgåvene til utvalet, og sjå om det er behov for justeringar og tilpassingar. Mellom anna står det i mandatet at UFAB skal vere eit «...eit høyringsorgan i saker som gjeld AMK, legevakt, ambulanseteneste og andre akuttfunksjonar.» UFAB er eit fagutval under Områdeutvalet og skal vel vere eit rådgjevande organ for Områdeutvalet, ikkje eit høyringsorgan.

Forslag til vedtak

1. Områdeutvalet for Nordhordland støttar at det vert sett i gang eit arbeid med revisjon av «Mandat Underutval for akuttmedisinsk beredskap i Nordhordland».
2. Områdeutvalet for Nordhordland ber partane om å sende innspel til SSE innan 1.4.2023. SSE utarbeider deretter eit nytt forslag til mandat som vert lagt fram for Områdeutvalet.
3. Områdeutvalet for Nordhordland ber SSU vurdere om alle UFAB i føretaksområdet skal ha nemninga «Underutval for Akuttmedisinsk Beredskap», slik Tenesteavtale 11 skisserer.